

# Referat frå representantskapsmøtet i Kommunearkivordninga 8. desember 2021

Dokumentet er signert digitalt av følgende undertegnere:

- SIRI SANDVIK, signert 05.04.2022 med ID-Porten: BankID Mobil
- STIAN JEAN OPEDAL DAVIES, signert 04.05.2022 med ID-Porten: BankID Mobil



## Det signerte dokumentet inneholder

- En forside med informasjon om signaturene
- Alle originaldokumenter med signaturer på hver side
- Digitale signaturer



## Dokumentet er forseglet av Posten Norge

Signeringen er gjort med digital signering levert av Posten Norge AS. Posten garanterer for autentisiteten og forseglingen av dette dokumentet.



## Slik ser du at signaturene er gyldig

Hvis du åpner dette dokumentet i Adobe Reader, skal det stå øverst at dokumentet er sertifisert av Posten Norge AS. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke er endret etter signering.

---

**Saksnr:** 2021/54070-26  
**Saksbehandler:** Espen Sæterbø  
**Dato:** 10.12.2021

---

## Referat frå representantskapsmøte 8.desember 2021

### Deltakarar:

Håkon Loftheim(Askvoll kommune), Solfrid Løland Borlaug(Aurland kommune), Sarah Loftheim(Fjaler kommune), Geir Liavåg Strand(Gloppen kommune), Margrethe Thune Trædal(Gulen kommune), Martin Lundegård(Hyllestad kommune), Kjellaug Ekse Brekklus(Høyanger kommune), Ola Teigen(Kinn kommune), Marit Kvalen(Luster kommune), Audun Mo(Lærdal kommune), Nina-Helen Flatebø(Sogndal kommune), Amund Aglen(Solund kommune), Siri Sandvik(Stad kommune), Solveig Masdal Haugsvær(Sunnfjord kommune), Stian Oppedal Davies(Vestland fylkeskommune), Camilla Norum Røyrvik(Vik kommune).

**Frå administrasjonen:** Arnt Ola Fidjestøl (dagleg leiar), Sigrun Espe (fagleiar) og Espen Sæterbø (Seniorrådgjevar).

### Sak1: Oppstart, gjennomgang av representantar og deltakarar med fullmakter.

3 kommunar har meldt forfall. Fullmakter godkjende.

### Sak 2: Godkjenning av innkalling og sakliste.

Ingen kommentarar. Sakliste og innkalling godkjent.

### Sak 3: Val av møteleiar, referent og to personar til å skrive under protokollen.

Geir Liavåg Strand valt til møteleiar. Espen Sæterbø som referent. Siri Sandvik (Stad kommune) og Stian Opedal Davies (Vestland fylkeskommune) valt til å skrive under protokollen.

### Sak 4: Budsjett 2022

I utsendt budsjett med innleiing har vi justert driftsbudsjettet for 2022, og i samråd med styret har vi brukt kommunal deflator på 2,5% for budsjettet 2022. Vi har justert driftsbudsjettet i samband med at vi truleg kjem til å reise meir i 2022.

Disponering av driftsoverskotetfor 2021 skal representantskapet sitt årsmøte edta . Vi vil bruke kr. 500.000 frå eksisterande driftsfond til ei prosjektstilling i 2022.

### Vedtak:

Budsjett godkjent einstemmig slik det låg føre.

### Sak 5: Orientering: Nytt arkivbygg på Leikanger

Arnt Ola Fidjestøl orienterte om saka, om historikken og vedtak som er gjort i hovudutvalet for kultur, idrett og inkluderingt og seinare i fylkesutvalet. Saka skal opp i Fylkestinget no i desember.



Fylkestinget har sett som ein betingelse om at vi får ein tilslutning på minimum 80% av det tidlegare innmeldte behovet. Brevet til kommunane er i produksjon, og vart framvist for dei frammøtte. Husleige og personalkostnader kjem på på kr. 600 per hyllemeter arkiv per år. Eit viktig totalbilete er at det nye arkivbygget vil innehalde heilskapleg dokumentasjon frå Vestland fylke, då det også inneheld dei kulturhistoriske arkiva (foto, privatarkiv, musikk m.fl)

#### **Sak 6: Orientering: Organisering av arkivlandskapet i Vestland**

I tråd med vedtak i fylkestinget i november 2019 og desember 2020, vil Vestland fylkeskommune gjere greie for framtidig organisering av dei regionale arkiva vidare. For å kunne gjere dette må det gjennomføre ei grundig kartlegging og utgreiing som skal leggjast til grunn for vurderingar knytt til framtidig samarbeid mellom og organisering av arkivinstitusjonar i Vestland. Seksjon arkiv leier prosjektet.

#### **Sak 7: Orientering: Høyrings svar til forslag til ny arkivlov**

Vestland fylkeskommune har levert høyringsuttale som fokuserer på dei private arkiva. Kommunearkivordninga si høyringsuttale vil fokusere på dei kommunale arkiva, i samarbeid med tilsvarande arkivinstitusjonar.

Vi sender ut høyringsuttalen vår til kommunane, slik at dei kan innlemme den i sitt eige høyrings svar

#### Vedlegg

- 1 Oversikt over deltakande representantar frå kvar enkelt kommune

Dokumentet er signert digitalt av:

- SIRI SANDVIK, 05.04.2022
- STIAN JEAN OPEDAL DAVIES, 04.05.2022

Forseglet av



Posten Norge